



Statsforvalteren i Vestland

Dykkar ref.:

Vår ref.: 21/1000

Vår dato: 13.01.2022

Sakshandsamar: Kjersti Barbakken //  
Kontoret for kvalifisering og sosiale tjenester

## Svar på forespurnad om lån til finansiering av grunnskule/vidaregåande utdanning

Arbeids- og velferdsdirektoratet viser til den mottatte førespurnaden datert 08.04.21. Vi beklagar den lange saksbehandlingstida.

Statsforvalteren i Vestland viser til at dei har fleire klagesaker som gjeld økonomisk stønad til elevar som kan ha rett på lån frå Statens lånekasse for utdanning til finansiering av grunnskule/vidaregåande utdanning. NAV-kontor stiller vilkår om at eleven nyttar moglegheitene til å søkje studielån. I samband med dette viser Statsforvalteren til rundskriv 35 punkt 4.18.2.10, der det mellom anna står at det kan vere urimeleg av NAV å be vanskelegstilt ungdom under ordinær utdanning om å søkje om lån. Rundskrivet nemner ikkje andre elevgrupper, som til dømes vaksne med rett til opplæring etter opplæringsloven kapittel 4A.

Statsforvalteren ønsker ein avklaring på om det er i strid med lova dersom NAV stiller vilkår om at elevar som *ikkje* er i kategorien «vanskelegstilt ungdom» skal søkje lån gjennom Statens lånekasse for utdanning. Statsforvalteren meiner det kan vere i strid med prinsippet om subsidiaritet dersom vaksne elevar har rett på økonomisk stønad gjennom eit utdanningsløp, fordi NAV ikkje kan be dei ta opp lån.

Statsforvalteren ber også Arbeids- og velferdsdirektoratet om å utdjupe kva som ligg i omgrepet «vanskelegstilt ungdom» i rundskrivet pkt. 4.18.2.10.

### Arbeids- og velferdsdirektoratet si vurdering

Kva som ligg i «vanskelegstelt ungdom» vil avhenge av ein konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle. Generelt kan likevel Arbeids- og velferdsdirektoratet si at «vanskelegstilt ungdom», i den samanheng det er nemnt i punkt 4.18.2.10, inneber at ungdommen over 18 år er barn av foreldre som framleis har forsørgaransvar for dei, men der foreldra mottar økonomisk stønad

**NAV // ARBEIDS- OG VELFERDSDIREKTORATET // KONTORET FOR KVALIFISERING OG SOSIALE TJENESTER**

Postadresse: Postboks 354 // 8601 MO I RANA

E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

[www.nav.no](http://www.nav.no) //

og derfor ikkje har økonomi til å forsørge ungdommen. Da det likevel kan vere formålstenleg å vurdere ungdommen som ein del av familien til den ordinære skulegangen er avslutta, vil denne ungdom kunne bli sett på å vere «vanskelegstilt» sett opp mot ungdom i tilsvarande livssituasjon. Det vil i slike situasjonar kunne vere urimeleg å krevje at ungdommen må ta opp lån for å fullføre skulegangen.

Statsforvalteren har bedt om ein avklaring på om det er i strid med lova å stille vilkår om at elevar som ikkje er i kategorien «vanskelegstilt ungdom» skal søkje lån gjennom Statens lånekasse for utdanning. I samband med dette skriv dere at rundskrivet ikkje nemner andre elevgrupper, til dømes vaksne med rett til opplæring etter opplæringsloven kapittel 4A.

Opplæring etter opplæringsloven kapittel 4A er ikkje å anse som høgare utdanning. Opplæring etter opplæringsloven kapittel 4A er likevel heller ikkje å sett på som ordinær skulegang, da retten til opplæring etter dette kapitlet gjeld for personar som er over opplæringspliktig alder. Utgangspunktet for å ha rett på økonomisk stønad etter sosialtjenesteloven § 18, er at den enkelte først må ha nytta alle dei reelle moglegheitene til å forsørge seg sjølv ved arbeid, eigne middel eller ved å gjere gjeldande trygderettar eller andre økonomiske rettar. Før eventuell økonomisk stønad blir innvilga, kan det vere ein moglegheit for ungdom som ikkje blir sett på som «vanskelegstilt» og for vaksne med rett til opplæring etter opplæringslova kapittel 4A, å søkje lån i Statens lånekasse.

Arbeids- og velferdsdirektoratet gjer merksam på at sjølv om ein person ikkje blir sett på som «vanskelegstilt» i den samanheng som er nemnt i rundskrivet pkt. 4.18.2.10, kan det likevel vere forhold som betyr at det ikkje er forsvarleg å be ein elev i ordinær utdanning til å ta opp lån for å kunne fullføre utdanninga. Det kan vere andre forhold som seier at personen blir sett på som «vanskelegstilt». Det må derfor alltid bli gjort ein konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle.

Med helsing

Nina Strømmen  
kontorsjef  
Kvalifiseringskontoret

Kjersti Barbakken  
seniorrådgivar  
Kvalifiseringskontoret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

#### **Kopi til**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statsforvaltaren i Rogaland  
Statsforvalteren i Agder  
Statsforvalteren i Innlandet  
Statsforvalteren i Nordland

Statsforvalteren i Oslo og Viken  
Statsforvalteren i Troms og Finnmark  
Statsforvalteren i Trøndelag  
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

**Mottakarliste**

Statsforvalteren i Vestland

KOPPI